



Arkoconsult AS  
Tom Andre Sivertsen  
Postboks  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2584 - 14/6411

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
19.03.2014

## Søknad om løyve til tiltak - gbnr 134/37 Hilland - opparbeiding /ferdigstilling

**Administrativt vedtak. Saknr: 35/14**

### Vedtak

Kommunen gjev løyve til ferdigstilling av interne veger – F GV4 og F V11, samt opparbeiding og ferdigstilling av felles uteopphaldsareal F AU8 i samsvar med teikningar, kart og skildring mottekne den 18.03.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

#### Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
3. Tiltakshavar og ansvarlege føretak skal innordna seg reguleringsplanen med føresegner. Tiltaket skal utførast etter gjeldande reguleringsplan med føresegner.
4. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.

#### Før bruksløyve/ferdigattest for tiltaket vert gjeve må følgjande vilkår vere stetta:

6. Fellesareal må vere opparbeidd og tilplanta i samsvar med godkjent utomhusplan/situasjonsplan.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## Saksutgreiing:

### Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1		Arkoconsult	997089782	S
PRO	1	Utforming og brukbarhet	Arkoconsult	997089782	S
PRO	1	Grunn og terrengarbeid	Grindheim Maskin og Transport AS	979302002	S
UTF	1	Grunn og terrengarbeid	Grindheim Maskin og Transport AS	979302002	S
UTF	1	Utstikking, plassering	Medaas Oppmåling	986448551	L

\*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

### Søknaden

Søknaden omfattar til ferdigstilling av interne veger – F GV4 og F V11, samt opparbeiding og ferdigstilling av felles uteopphaldsareal F AU8.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som kan vere nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Søknaden er handsama som løyve i eitt trinn. Søknaden er handsama som prioritert «hastesak».

### Nabotilhøve

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

### Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Vindkallen, sjå planid: 1263-09062006.

### Særleg om felles uteopphaldsareal F AU8

Søkjjar har opplyst at planen for uteopphaldsarealet er nedskjering av vegetasjon, samt enkel planering for å få plass til benker og bord.

Søkjjar har også opplyst at området som går frå F AU8 ned til F V11 ikkje kan nyttast som tilkomst til uteopphaldsarealet.

Kommunen har tolka plankartet slik at dette areal skal opparbeidast slik at den kan fungere som ein tilkomst frå F V11. Arealets utforming er det same som for i førre plan (reguleringsplanen for Hilland).

Eit foto av arealet er vedlagt søknaden. Den viser at det ikkje er mogleg å opparbeide terrenget på nokon god eller fornuftig måte. Kommunen vil soleis ikkje krevje at denne «bufferzona» vert opparbeidd. Det må

likevel ikkje utførast arbeider som kan vere til hinder for at arealet seinare kan nyttast som «sti» eller tilsvarande. Dette til orientering.

### Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

### Plassering og høgdeplassering

Tiltaket er avklart i plan og vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

### Gebyr

Søknadspåleggte tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
C.5.2s (søknadshandsaming)	1	10.000
C.5.32 (ansvarsrett S)	2	2.100
C.5.31 (ansvarsrett L)	1	2.500
C1.1 (basiskart)	1	500
Totalt å betale:		<b>15.100</b>

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26 A

5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**  
Arkoconsult AS

Postboks

5291

VALESTRANDSFOSSEN